

# Høgt og lågt

med Helga og Dian

*Salen i Vinjehuset var halvfull. Helga Botn, Dian Georgiev og Vinje songlag var heiltent.*

Det er andre gong dei to profesjonelle solistane sopran Helga Botn og Dian Georgiev, som syng bass og baryton, samarbeidar med Vinje songlag.

- Det var ingen tvil om at me skulle spørje Vinje songlag att, seier produsent Anne Grete Horten.

## DRAMA OG KOMEDIE

Perleporten - åpenbart klassisk, som stod for «Yvi Gjallarbrui og gjennom Perleporten», tar med seg framsyninga vidare til seks andre stader i år. Mellom anna Kristiansand, Molde og Hamar. I tillegg til seks profesjonelle, med Botn og Georgiev i spissen, stod rundt tretti medlemmer av Vinje songlag.

- Draumkvedet ligg i botn av framsyninga og då passar det jo ekstra godt at Vinje songlag er med, seier Horten.

Folkevisa, som blei oppdaga i øvre delar av fylket vårt på 1800-talet, blei servert i porsjonar utover kvelden. Framsyninga inneheldt alt frå kabaret til valdtekt. «Yvi Gjallarbrui og gjennom Perleporten» inneheld både dramatik og komikk.

## KLASSISK I STIL

Det blei sunge på fleire språk, mellom anna norsk og russisk. Fem av dei 16 songnumra var opera, medan resten av innslaga også blei heldt klassisk i stilen. «Yvi Gjallarbrui og gjennom Perleporten», er som produsenten sjølv seier, meir framsyning enn konsert. Det er Ronald Rørvik som har regien. Framsyninga var absolutt varierende med mange ulike stemningar.

Saman med Vinje songlag opna dei to solistane framsyninga med musikalske tonar frå «Sommer i Tyrol». Der det blei festa, flørta og feira. Neste nummer Vinje songlag deltok på var frå «Orpheus». Då gjekk den lystige folkemengda inn i Plutos mørke land. Det var også mørkt og dystert då det blei duett mellom Tosca og Scarpia, henta frå «Tosca» av Giacomo Puccini. Då endte eit forsøk frå Scarpia på å forføre og kjøpslå med Toscas kjærast sitt liv ganske så brutalt.

I «Moskvanner» kunne publi-



**PLUTOS MØRKE:** Sopran Helga Botn og Vinje songlag blei med inn i Plutos mørke rike.

FOTO: ELSE BØRTE

kum fylgje Dian på vandring gjennom Moskvas gater. Der passerer han stille plassar der ettertanken rår og dei livlege klubbane kor musikken fossar ut. Musikken til Arnhild Vik på klaver, Nils Økland på hardingfele og fiolin, Georg Reiss på klarinett og Sebastian Haugen-Markussen på kontrabass tok seg også opp i dette nummeret. Det same gjorde humøret til publikum, som klappa takt til den sugerande musikken. Med frasen «Salig er den som har

og som gir - den gjerrige må tåle å svi» og låta «Pengegaloppen» av Vidar Sandbeck gjekk framsyninga mot slutten. Deretter takka muskarane alle som fylgde reisa gjennom klassiske perler, vekte Olav Åsteson og avslutta vandringa med «A real slow drag» frå «Treemonisha» av Scott Joplin.

■ ■ ELSE BØRTE  
else.borte@ta.no

## KONSERT

### Yvi Gjallarbrui og gjennom perleporten

**ARTISTAR:** Helga Botn, Dian Georgiev, Arnhild Vik, Nils Økland, Georg Reiss, Sebastian Haugen-Markussen og Vinje songlag.

**STAD:** Vinjehuset

**PUBLIKUM:** Halvfull sal



**TVANG:** Då Scarpia ikkje fekk det som han ville, tok han for seg. Eit scenario av dramatik, sinne og redsel.